

Kjære velgar!

Senterpartiet har hjarte for heile kommunen. Gode nærmiljø der du bur er viktig. Vår kommune skal vere ein inkluderande kommune for alle - med gode oppvekstmiljø, spennande arbeidsplassar og trivsel. Strand-samfunnet skal vere prega av optimisme og framtidstru. Senterpartiet vil fortsette arbeidet for levande bygder i heile Strand, og at Ryfast ikkje skal bidra til å flytta viktige tenestetilbud for innbyggjarane våre ut av kommunen. På den måten vil Sp vere ei tydelig motkraft til sentraliseringa som vi ser på område etter område i samfunnet både nasjonalt og lokalt. Politikken til Senterpartiet i Strand skal gjenspegla dette. Førebygging som tidleg innsats, arbeidet mot barnefattigdom, tilgjengelighet for alle (universell utforming) og frivillighet skal ha høg prioritet

Ryfast gir oss ein ny kvardag frå 2019. Det byr først og fremst på store muligheiter. Senterpartiet vil legge til rette for at Strand skal vere en attraktiv kommune å flytte til, vekse opp, bu og drive næring i. Auka satsing på skule og sentrumsutvikling på Tau og Jørpeland blir viktige saker. Folk skal ha eit reelt val for kor dei vil busette seg. Ein slik valfridom krev politisk styring. Det vil gi mindre press på sentrale strom, og vere positivt for heile kommunen.

Strand er ein god kommune å bu i, men vi har framleis mykje ugjort. Alle innbyggjarar skal føle at dei blir høyrte og verdsatt. Strand skal vere tufta på positivitet og entusiasme både i administrasjonen og politisk. "Ja, klart me kan" skal være den grunnleggande haldninga!

Strand Senterparti er din garanti!

10 gode grunnar til å stemme på Sp:

- 1 Ja til nytt kulturhus på Jørpeland.
- 2 Ja til ny svømmehall på Tau innan 2023.
- 3 Ja til at viktige tenestetilbud for innbyggerane som t.d. legevakt og lensmannskontoret ikkje blir flytta heilt/delvis ut av kommunen.
- 4 Ja til å legge til rette for attraktive boligområder i heile den flotte kommunen vår.
- 5 Ja til å fortsette nødvendig skuleutbygging på Tau, Jørpeland (med flerbrukshall) og Nordre Strand.
- 6 Ja til innføring av skulelunsj på alle skular og auka fokus på rekruttering av kvalifiserte lærarar.
- 7 Ja til større satsing på frivillighet, fleire plasser i kulturskulen til lågare brukarbetaling, og fleire møteplasser for spesielt uorganisert ungdom.
- 8 Ja til å tilrettelegge for knoppskyting rundt dei etablerte bedriftene, hjelpe grundere med nye idear, og ta ein gjennomgang av rammevilkåra for næringslivet i Strand.
- 9 Ja til eit godt kollektivtilbud gjennom Ryfast, gang- og sykkelsti Solbakk-Grønevoll og Torgerkrossen-Nordmarka, samt å arbeide for ny R13 trase Solbakk-Vatne.

- 10 Ja til auka satsing på heimebaserte tjenester, sjukeheims plass til alle med behov, betre vilkår for fastlegane, bygging av nye PUH boliger og auka fokus på forebygging både innan rus- psykiatri og folkehelse.

La vårt program bli ditt val! Oss kan du stole på.

Innhald

Strand 2019 – 2023 – utfordringar og muligheiter	4
Folkestyre og regional utvikling.....	6
Tettstadsutvikling og bustadbygging – gode nærmiljø i heile Strand	6
Utvikling av Jørpeland, Tau og Fiskå.....	6
Bustadbygging og bumiljø	7
Konkurransedyktig og næringsvenleg	7
Landbruk og skogbruk	7
Næringsutvikling og næringsområder.....	8
Reiseliv og turisme	8
Samferdsel.....	9
Vegprosjekt.....	9
Kollektivtilbod.....	9
Barnehage og skule er framtida vår	9
Barnehage	9
Grunnskule	10
Vidaregåande opplæring	10
Verdig helse og omsorg.....	11
Førebyggjande arbeid og kommunale helsetenester	11
Verdig omsorg	11
Kultur og friluftsliv – limet i lokalsamfunnet.....	12
Førebygging og trygghet der du bur.....	13

Strand 2019 – 2023 – utfordringar og muligheiter

Det lokale sjølstyret står sterkt i Senterpartiet. Politiske vedtak bør fattast på lågast mulig folkevalgt nivå. Senterpartiet vil styrke lokaldemokratiet, og vil arbeide for å redusere Fylkesmannen sin overstyring av det lokale sjølstyret. Spørsmålet om kommunesammenslåing er først og fremst ein modningsprosess der eit godt samarbeid om tenestetilbod på tvers av kommunegrensene på sikt vil føre til kommunesamanslåing i Ytre Ryfylke. Senterpartiet er positiv til samarbeid om tenestetilbud både med nabokommunar i Ryfylke og med Stavanger, og er positiv til ei kommunesamanslåing i Ytre Ryfylke om det fortsatt skulle vere aktuelt.

Strand vil i eit 10-20 års perspektiv få langt større betydning – både som eit tyngdepunkt i Ryfylke, men også som avlastningskommune for Stavanger. Både innanfor bustad og næring har Strand dei utbyggingsareala som Stavanger-regionen ikkje har, – og attpåtil fri for jordvern konflikhtar. I tillegg har vi sjøen og fjellet, - store areal for ferie og fritidsformål. Med Ryfast, ei styrt utvikling og kontrollert vekst vil vår kommune kunne oppleve ein ny og spennande tidsepoke. Det vil gi nye og spennande vekstmuligheiter, - både når det gjeld folketal og lokalt næringsliv. Gode kommunikasjonar er ein viktig faktor for bl.a. busetting og eit konkurransedyktig næringsliv. Lønnsame arbeidsplasser og bedrifter er ein føresetnad for busetting, aktivitet og velferd. Det er viktig at næringslivet og kommunen spelar på lag for å finne gode løysingar. Ryfast og nærheten til Stavanger gjer det også lettara å flytta tenestetilbud. Senterpartiet er garantisten for at viktige tenestetilbud ikkje skal flyttast ut av kommunen. Tenester skal ligge nær innbyggjarane våre.

Senterpartiet vil sørge for at det alltid er tilgjengelig byggeklare, framtidsretta, attraktive og varierte areal til industri og handel - både på Tau og Jørpeland. Vi må bygge Ytre Ryfylke endå tettare saman. Både vidareføring av Svatunnelen til Svaberg i Årdal og tunnel Espedalen-Frafjord (Ryfylkeporten) er viktige vegprosjekt å få realisert. Ny veg frå Strandastøa til Vatne via Tjøstheimlia må også utgreiast, - men med vekt på å skjermje dei viktige landbruksområda på Strand og Tjøstheim.

Gjennom tilrettelegging og støtte vil vi utvikle eksisterande næringsverksemder og gjere Strand meir attraktiv for næringsetablering. Senterpartiet vil vere pådrivar ovanfor handels- og reiselivsnæringa for å styrke Strand som handels- og reiselivskommune.

Senterpartiet vil ha levande bygder og grønne tettstader. Bustadbygging ute på bygdene betyr mykje for det pulserande livet på bygda. Senterpartiet vil legge til rette for attraktive bustadområder på Tau og Jørpeland med eit mangfald av bustad-typar for alle aldersgrupper. Vi vil sørge for at Strand kommune kan tilby ordningar for førstegongs-etablerarar slik at det blir lettare å komme inn på bustadmarkedet.

Senterpartiet har vore pådrivar for vassforsyninga til Nordre Strand. Arbeidet er godt i gang. Fleire andre stader i kommunen som t.d. Nag og Idse har pr i dag ikkje tilfredsstillande vassforsyning korkje når det gjeld mengde eller kvalitet. Senterpartiet vil arbeide for utviding av forsyningsområdet for det kommunale vassverket, for å sikre god vassforsyning i heile kommunen.

Senterpartiet vil fortsetta arbeidet med sentrumsutvikling på Tau og Jørpeland, der det blir lagt til rette for ”grønne lungar” og turstiar i og rundt sentrumsområda. Det må byggast høgare og tettare, men med god kvalitet. For å skape eit meir levande sentrum vil me fortsetta arbeidet med å leggja til rette for at fleire skal kunne bu og arbeide i og rundt sentrum . «24 timar/7 dagar og 10 minutt» må vere bærande prinsipp for utviklinga av sentrum på Tau og Jørpeland. Vi har eit ansvar å ta vare på og vidare utvikle våre unike perler Krossvatnet og Jørpelandsholmen til glede også for framtidige generasjonar.

Barna i barnehagen og skulen er kommunen si framtid. Senterpartiet vil fortsette arbeidet med nødvendige investeringar og rehabilitering av skuleområda på Tau, Jørpeland og Nordre Strand i tråd med vedtekne planar. Senterpartiet vil videreføre Tidlig innsats-prosjektet, satsinga på styrkingstimar i 1 – 4. Me vil innføra skulelunsj på alle nye skular, og at det blir lagt til rette for det ved rehabilitering av skular. Strand tilfredsstillar ikkje krave til symjeopplæring. Senterpartiet skal vere garantisten for bygging av ny symjehall på Tau innan 2023. Lærarane er skolen sin viktigaste ressurs. Satsinga på kompetanseheving må difor vidareførast.

Senterpartiet ønskjer en offensiv kulturpolitikk som legg til rette for eit mangfald av kulturtilbod. Kultur handlar om identitet, og er limet i vårt lokalsamfunn. Senterpartiet vil halda fram med arbeidet for eit nytt kulturhus i sentrum på Jørpeland og sjå kva som er mulig å få til i samarbeid med andre. Vi vil arbeide for å auka støtta til frivillige lag- og organisasjonar innafor barne- og ungdomsarbeid. Senterpartiet vil støtte etablering av attraktive ungdomstilbod, vidareføre badebussen frå Fiskå til Forsand fram til ny symjehall står ferdig, og arbeide for eit kulturskuletilbod for alle som ønskjer det.

Senterpartiet ønskjer meir hjelp til sjølvhjelp i eldreomsorga, - for betre livskvalitet og mindre press på institusjonane. Vi vil ha meir reell valfridom for eldre og deira pårørande. Senterpartiet vil legge til rette for at folk skal kunne bu heime lengst mulig, - bl.a. gjennom tilbod om trening heime etter operasjon eller sjukdom. Auka satsing på velferdsteknologi kan bidra, men ikkje erstatta varme hender. Vi ønskjer å utvide dagsentertilbodet på Tautunet og Jonsokberget med opent dagsenter enkelte kveldar. Dette kostar lite og er eit godt førebyggjande tiltak. Vi ønskjer å legge til rette for meir bruk av omsorgsløn, og at Strand kommune etablerer avlastningstilbod til personar med krevjande omsorgsoppgåver.

Legesituasjonen i Strand er utfordrande, med stor utskifting og problem med å tilby fastlege til alle innbyggerane i kommunen. For å bøte på dette vil Senterpartiet at Strand kommune skal tilby faste stillingar for allmenlegar i spesialisering, og på sikt vurdere faste stillingar for spesialistar innen allmenmedisin som eit alternativ til avtalar med private legekontor. Andre tiltak må også vurderast for å betre rekruttera og behalda fastlegar. Senterpartiet vil ikkje svekke legevaktordninga ved å flytte den bit for bit til Stavanger, heller ikkje på natta.

Dei ca. 1100 tilsette i Strand kommune utfører daglig eit arbeid som det står stor respekt av. Senterpartiet er opptatt av å føre ein offensiv arbeidsgivarpolitikk med fokus på reduksjon i uønska deltid, trivsel, lågt sjukefråvær og auka fokus på kompetanseheving. Ei vidareføring av seniorplanen er viktig for at fleire av våre seniorar med sin lange erfaring og kompetanse skal kunne stå lengre i jobb.

Det er fortsatt behov for å føre ein økonomisk politikk som setter "tæring etter næring" for å sikre eit godt og forutsigbart tenestetilbod. Store, men heilt nødvendige investeringar dei komande åra vil utfordra dette då ein større del av driftsbudsjettet vil gå til renter og avdrag. Det vil vere heilt nødvendig med omstilling og effektivisering av kommuneorganisasjonen for å møte denne utfordringa. For å få realisert viktige og heilt nødvendige infrastrukturtiltak som t.d. vegar, gang- og sykkelstiar og undergangar er Strand kommune avhengige av at flest mulig av utbyggerane som har nytte av desse tiltaka bidrar i form av anleggsbidrag.

Den frivillige innsatsen i våre lag og organisasjonar gjennom t.d idrettslag og menigheter er uvurderlig for trivsel, livskvalitet og trygge lokalsamfunn. Senterpartiet vil prioritera høgt å aktivt støtte opp om dette viktige arbeidet.

Folkestyre og regional utvikling

Strand Senterparti:

1. er fortsatt positiv til kommunesamanslåing i Ytre-Ryfylke, men seier nei til kommunesamanslåing med Stavanger
2. er positive til samarbeid om tenester og felles interesser – både med nabokommunane i Ryfylke og med Stavanger-regionen. Men, evt samarbeid med Stavanger skal vere for å styrka tenestetilbod i Strand, og ikkje flytta viktige deler av tenestetilbud til Stavanger.
3. vil vidareføra Ryfylke IKS som samarbeidsorgan for kommunane i Ryfylke, og vurderer behovet for å inkludera Sandnes og Stavanger.
4. vil ha auka fokus på rasjonalisering og effektivisering av det regionale samarbeidet.
5. vil legge til rette for at Ungdomsrådet sin stemme blir tydeligere i saker som angår barn- og unge i Strand, og vidareføre eige budsjett for Ungdomsrådet.
6. vil oppretthalde eit aktivt Eldreråd.

Tettstadsutvikling og bustadbygging – gode nærmiljø i heile Strand

Utvikling av Jørpeland, Tau og Fiskå

Strand Senterparti:

1. vil legge til rette for aktiv og strategisk planlegging for å bidra til å skape moderne og fremtidsretta sentrumsområder på Tau og Jørpeland.
2. vil utvikle Fiskå som lokal senter for Nordbygda gjennom utbygging av infrastruktur, tilrettelegging for bustadbygging og ved å styrke Nordre Strand Oppvekstsenter med barnehage og skule (1 – 7 trinn)
3. vil ha som overordna mål å utvikle eit konsentrert sentrum på Tau og Jørpeland.
4. vil gjere Tau og Jørpeland sentrum meir levande og grønt gjennom attraktive sentrumsfunksjonar, trivselstiltak og etablering av møteplassar.
5. vil vidareutvikle Ryfylkebyen Jørpeland som eit livskraftig regionalt tyngdepunkt for handel- og kultur i tråd med intensjonane i sentrumsplanen.
6. vil utvikle både Jørpelandsvågen og Tauvågen med bl.a. marina med gjestebrygge, båtplasser, sjøbad / folkebad og funksjonar som kan skape møteplasser og trivsel.
7. meiner det er avgjerande viktig for utviklinga av sentrum på Tau og Jørpeland at det ikkje blir opna for sentrumsfunksjonar på Solbakk.
8. vil gjennomføre følgjande tiltak i dei «grøne lungene» i sentrumsnære områder på Jørpeland og Tau:
 - a. Ferdigstille tursti rundt Krossvatnet.
 - b. Tilrettelegge for ferdselstiltak langs Jørpelandsvassdraget/Jørpeland Bruk.
 - c. Sikre tilgjengelig offentlige toalett
 - d. Etablere aktivitetstilbud etter ønske frå barn og ungdom.
 - e. Etablere møteplassar.
9. vil stille krav om at parkering i nye sentrumsbygg skal inn i felles parkeringsanlegg under bakken.
10. vil ha auka fokus på estetikk bl.a. ved å fortsette å dele ut Byggeskikkprisen.
11. vil sikre søndagen som ein annleis dag utan handel.

Bustadbygging og bumiljø

Strand Senterparti:

1. vil gjennom kontrollert vekst utvikle attraktive bustadområder på Tau og Jørpeland, med eit variert tilbod av både kommunale og private tomter og bustadtypar i gode bumiljø. Sentralt på Tau og Jørpeland vil Senterpartiet arbeide for å kunne tilby større eneboligtomter i nokre etablerte bustadområder. Det vil kunne bidra positivt til bu attraktivitet i Strand.
2. vil vidareføre arbeidet med å legge til rette for å bygge høgt og tett i sentrumsområda, men med kvalitet. Fleire skal kunne bu og arbeide i og rundt sentrum.
3. vil arbeide for å unngå konflikt mellom bustad og industri.
4. vil ha levande bygder, og legge til rette for auka bustadbygging i utkantane. Dei som ønsker seg ei stor tomt på bygda må få hjelp til å realisere denne draumen der det ikkje kjem i konflikt med jordvern. I valperioden 2019 – 2023 må det leggast til rette for utviding av Lynghaug bustadfelt i Bjørheimsbygd.
5. vil arbeide for at kommunen i større grad bidrar til å få realisert større bustadfelt med rekkefølgekrav som t.d. gang- og sykkelstiar.
6. vil legge til rette for at Strand kommune tilbyr rask sakshandsaming for byggesaker der det ikkje trengs dispensasjon.
7. vil utvide tilskotsordninga til utkantane for infrastrukturtiltak som t.d. gatelys og buskur.
8. vil ha større fokus på estetikk gjennom reguleringsplanar og byggesakshandsaming.
9. vil vere ein pådrivar for å realisera Hovedplan vatn som blei vedteke i juni 2015. Me er godt i gang med Nordre Strand, men framleis er mykje ugjort t.d. på Nag og Idse.
10. vil vidareutvikle Startlån-ordninga for unge i etableringsfasen.
11. vil lage eit bustadprogram som spesielt fokuserer på korleis unge i etableringsfasen lettare kan få kjøpt eigen bustad, etablere ordning for førstegangsetablerarar tilsvarande som i Stavanger
12. ha fokus på universell utforming ved etablering av bustadfelt og bustader
13. bygge ut fiber i heile kommunen

Konkurransedyktig og næringsvenleg

Landbruk og skogbruk

Strand Senterparti:

1. vil bidra til at primærnæringane får gode utviklings- og vekstvilkår gjennom ei restriktiv haldning til omdisponering av landbruksjord. Strand kommune skal bidra til å nå Rogaland sitt jordvern mål om maksimalt 400 dekar omdisponert landbruksjord gjennom auka satsing på nydyrking ved å etablere kommunale tilskotsordningar.
2. vil auka satsinga på skogplanting og forvaltning av skog- og utmarksressurser inkludert vilt og fiskeforvaltning. Skogen i Strand er ein viktig ressurs, både økonomisk og klimamessig.
3. er positiv til frivillig vern av skog for å ivareta natur- og miljømangfaldet
4. vil i samarbeid med grunneigarane bidra til lokal næringsutvikling langs Tauvassdraget, gjennom tilrettelegging for at laksen igjen kan vandre opp frå Tauvågen.
5. vil auka samarbeidet om primærnæringane på tvers av nabo kommunane, bl.a. ved å ta initiativ til at Strand kommune kan bli vertskommune for den nasjonale satsinga på betre forvaltning av skog- og utmarksressurser.

Næringsutvikling og næringsområder

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for at det alltid er tilgjengeleg byggeklare, framtidsretta, attraktive og varierte næringsareal ved å:
 - a. legge til rette for næringsetablering i det regionale næringsområdet i Nordmarka i tråd med vedteken Kommunedelplan Tau Nord, og samtidig utvikle friområda i Taumarka og Ugelimarka.
 - b. legge til rette for næringsetablering i tråd med gjeldande reguleringsplan på Scana området.
 - c. legge til rette for at Fiskå Mølle i tråd med vedteken reguleringsplan frå juni 2015 kan få utvida si verksemd og ny næring som kan gje positive synergjar.
 - d. vurdera behov for næringsområder andre stader i kommunen i den kommande revisjonen av kommuneplanen.
 - e. sikre eksisterande næringsdrivande muligheit for å utvide sine verksemder.
2. vil i tett samarbeid med det lokale næringslivet, Stavanger regionen næringsforening (Ressursgruppe Ryfylke) og Greater Stavanger arbeide for å få realisert Strategisk Næringsplan.
3. vil ta initiativ til ei gjennomgang av rammevilkåra for næringslivet i Strand, og sammenligna desse med nabokommunane. Dette blir spesielt viktig også etter at Ryfast åpnar.
4. vil oppretthalde tilskotsordninga for etablerarar, og sikre betre informasjon om ordninga.
5. vil ta initiativ til eit "Strand rundt"/introduksjonsprogram for tilflyttarar/utanlandske arbeiderar og deira familiar, - for å sikre at dei blir betre kjent med kommunen.
6. vil at kommunen skal vere aktiv støttespelar for både nye og etablerte bedrifter, med ei rask saksgang og tidleg og god dialog mellom næringsliv og kommune.
7. vil legge til rette for knoppskyting rundt dei etablerte bedriftene og hjelpe gründere med nye idear å få etablert seg

Reiseliv og turisme

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for tiltak som kan styrke reiselivet i kommunen, Preikestolområdet og opplevinga og verdiskapinga langs Nasjonal Turistveg i tråd med vedteken Reiselivsplan for Strand. Å vidareføre satsinga på produktutvikling, og skape heilårs trafikk og grunnlag for heilårsdrift i reiselivet blir viktig satsing vidare.
2. vil vere restriktiv med å tillate vindmølleparker i kommunen, fordi det medfører for stor visuell forureining.
3. vil sei nei til etablering av Preikestolen nasjonalpark, og vil i staden arbeidet aktivt for ei berekraftig utvikling av Preikestolen og Lysefjorden-området i nært samarbeid med grunneigarar, reiselivet og andre profesjonelle og frivillige aktørar.
4. vil arbeide for at Strand kommune vidareutviklar det fortrinnet Preikestolen gir i reiselivssamanheng, bl.a. gjennom auka tilbod innan overnatting, sjø/fjell aktivitetar, kulturaktivitetar og tiltak som sikrar at fleire turistar nyttar tilbod og butikkar i sentrum. Turistar som blir lenger i kommunen vil gi større omsetning for reiselivsbedrifter og lokalt næringsliv.

Samferdsel

Vegprosjekt

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for at følgjande samferdselsprosjekt blir realisert (ikkje prioritert rekkefølge):
 - a. Rv13 Gang- og sykkelsti frå Tau-Jørpeland.
 - b. Rv13 – ny trase frå Strandastøa til Vatne med kort tunnel under Strand for å skjerme landbruksjorda på Strand/Tjøstheim.
 - c. R13 Vidareføring av Svatunnelen til Svaberg i Årdal.
 - d. R13 Jøsenfast.
 - e. Fv 523 Gang- og sykkelsti frå Torgerkrossen til Nordmarka næringsområde.
 - f. FV Tunnelen Espedalen-Frafjord (Ryfylkeporten).
 - g. Vidare opprusting av Fv529 Jøssang – Preikestolhytta.
2. vil arbeide for standardheving på fylkesvegnettet, - med Fiskåvegen og Botne-Idse som prioriterte strekningar.
3. vil vere pådrivar for trafikksikker skuleveg, med spesiell fokus på følgande strekningar.
 - a. Grønevoll
 - b. Løbrekk
 - c. Bjørheimsbygd
4. vil arbeide for at bompengetakstane gjennom Ryfast kjem ned på dagens ferjetakstar med full rabatt slik at det fortsatt er attraktivt å bu og driva næring i Ryfylke
5. vil vidareføra sykkelsatsinga

Kollektivtilbod

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for eit kollektivtilbod som sikrar at flest muleg får tilbod om kollektivtransport frå heim til skule- og arbeidsplass.
2. vil arbeide for eit godt kollektivtilbod gjennom Ryfast og mellom Tau-Jørpeland med matebussar frå bygdene og dei store bustadfelt på Tau og Jørpeland til Solbakk, og om nødvendig utvide talet på parkeringsplasser på Solbakk.
3. vil utvide HjemJobbHjem ordninga til også å omfatte Strand.
4. vil vurdere «Hent meg» ordninga som alternativ til busstilbod enkelte stader
5. vil sikre eit godt taxitilbod i kommunen.

Barnehage og skule er framtida vår

Barnehage

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for god utnytting av kapasiteten i barnehagane i Strand kommune.
2. vil vere positiv til at barnehagane kan ha ulik profil, som t.d. naturbarnehage og musikkbarnehage
3. vil vidareføre «Tidlig innsats» prosjektet
4. vil vidareføre satsinga på kompetanseheving for tilsette og leiarar både i kommunale og private barnehagar
5. vil sikre gode leke- og uteområder i barnehagane

Grunnskule

Strand Senterparti:

1. vil sikre ein desentralisert skulestruktur der omsynet til eit kvalitativt godt pedagogisk læringsmiljø blir satt i høgsete.
 - a. vil arbeide for å realisere målsettingane i Skulebruksplanen med nødvendige investeringar og rehabilitering av barne- og ungdomsskulane på Tau, Jørpeland og Nordre Strand.
 - b. vil arbeide for fleirbrukshall på Jørpeland som ein del av skuleutbygginga.
2. vil seie nei til fleire private elevplassar i friskulane då dette går på bekostning av den offentlege skulen.
3. vil vidareføre «Tidlig innsats» prosjektet.
4. vil vidareføre satsinga på fleire styrkingstimar i dei første skuleåra (1 – 4 trinn).
5. vil ha fokus på mat og helse både på barne- og ungdomsskulane bl.a.
 - a. ved å vidareføre midler til prosjekt innafor tema mat- og helse/skulelunsj.
 - b. ved å legge til rette for kantiner i nye skulebygg.
6. vil vidareføre satsinga på kompetanseheving for tilsette og leiarar i skulen.
7. vil arbeide for ein trygg og mobbefri skule som også legg til rette for reell medverknad frå elevar og foreldre.
8. vil ha auka fokus på skuleleie elevar for å hindra frafall; Legge til rette for dei elevane som ikkje trives med teori t.d. med
 - a. tilbod om entreprenørskap / elevbedrift.
 - b. tilbod som Naustet ved Jørpeland ungdomsskule.
 - c. tilbod om tre dagar på skulen og inntil 2 dagar i praksis som eit prøveprosjekt på ungdomsskulen.
9. vil styrke skulehelsetenesta og yrkesretteleinga på ungdomsskulane.
10. vil ha ein gjennomgang av SFO-tilbodet i kommunen og vidareutvikla dette gjennom betre tilpassing til brukarane sine behov.
11. vil ha ein gjennomgang av Strandaskulen for å sjå kva som kan reduserast av byråkrati som t.d. rapportering.
12. vil sikre gode leke- og uteområder for alle skulane.
13. vil at kommunale nybygg og store rehabiliteringar som hovedregel skal byggast etter passivhus- eller lavenergistandard.

Vidaregåande opplæring

Strand Senterparti:

1. vil bidra til å styrke Strand vidaregåande skule som den viktigaste utdanningsinstitusjonen i Ytre Ryfylke.
 - a. ved å legge til rette for nye areal slik at skulen kan utviklast vidare.
 - b. ved å legge til rette for utviding av tilbodet ved Strand vidaregåande skule som t.d. byggfag og Utdanning i Ryfylke (UIR).
2. vere pådrivar for å oppretthalde til ei kvar tid 15-20 lærlingeplasser i kommunen, samt gjennom Rytopp støtte opp om etablering av lærlingeplasser i private bedrifter

Verdig helse og omsorg

Førebyggjande arbeid og kommunale helsetenester

Strand Senterparti:

1. vil vidareføra satsinga på folkehelsearbeid i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.
2. vil styrke førebyggjande arbeid mot rusmisbruk gjennom tverrfagleg samarbeid.
3. vil sikre fastlegeordninga og eit lokalt legevakttilbod gjennom å
 - a. tilby faste stillingar for allmennlegar i spesialisering
 - b. på sikt vurdere faste stillingar for spesialistar innan allmenntillegisin som alternativ til avtaler med privatpraktiserande legar
 - c. tilby legane som går vakt å ha færre listepasientar
4. ta initiativ til eit samarbeid med spesialisthelsetenesta for å sikre rekruttering av sjukepleierar, jordmødre og fastlegar.
5. vil oppretthalda ei god kommunal psykiatriteneste med eit godt lågterskeltilbod.
6. vil tilby rusmisbrukarar eit forsvarlig behandlingssopplegg samt styrka ettervernet, og betra samarbeidet med pårørande.
7. vil arbeide for at Fjordhagen skal bli anerkjent av det offentlege helsevesenet og få stabile økonomiske driftsvilkår.

Verdig omsorg

Strand Senterparti:

1. vil sikre tilbod om heimesjukepleie i heile kommunen, og styrke dei heimebaserte tenestene slik at eldre kan bu i eigen bustad lengst mulig gjennom
 - a. å styrke ergoterapi og fysioterapitenesta i kommunen.
 - b. å tilby trening heime for eldre etter operasjon / sjukdom.
2. vil sikra tilbod om sjukeheimplass til dei som har behov for dette.
3. vil vidareutvikle dagsentertilbodet på Tautunet og Jonsokberget t.d. ved å
 - a. gjennomføre prøveordning med åpent dagsenter enkelte kveldar. Det kostar lite og vil vere eit godt førebyggjande tiltak.
 - b. lease eigen minibuss for transport til / frå Tautunet på same måten som for dagsenteret på Jørpeland.
4. vil bidra til å etablere alternative buformer i eldreomsorgen, - t.d. med mindre bufellesskap for eldre i utkantane og forsøk med seniorboligar i større utbyggingsområder.
5. vil priorite bygging av PUH boligar høgt, og sikre at alle funksjonshemma har butilbod som er universelt utforma.
6. vil legge til rette for meir bruk av omsorgsløn og avlastningstilbod for personar med krevande omsorgsoppgåver. Sikra omsorgsløn på eit nivå tilsvarande andre samanlignbare kommunar
7. vil redusere uønska deltid i helsesektoren gjennom prøveprosjekt med brukerretna turnus.
8. vil at Strand kommune skal delta aktivt i utprøving av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenesta.
9. vil bidra til å støtte «grøn omsorg» - tilbod i landbruket.

Kultur og friluftsliv – limet i lokalsamfunnet

Strand Senterparti:

1. vil arbeide for nytt kulturhus i Jørpeland sentrum i eit samarbeid mellom kommunen og private aktørar. Delfinansiert gjennom salg av Torghuset.
2. vil saman med Idrettsrådet og lag- og organisasjonar sjå kva som kan gjerast for å skaffe fleire lokaler/halltid spesielt til aktiviteter utanom organisert lagidrett.
3. vil auke støtta til frivillige lag- og organisasjonar innafor barne- og ungdomsarbeid.
4. vil vurdere om deler av midlene til barnefattigdom kan brukast som tilskudd til lag- og organisasjonar for å dekke medlemskontingent for barn av foreldre som slit økonomisk.
5. vil vidareføre tilbodet om badebuss frå Fiskå til Forsand til ny symjehall står ferdig.
6. vil vidareføre arbeidet med å tilrettelegge Krossvatnet og Jørpelandsholmen til attraktive sentrumsnære rekreasjonsområder.
7. vil arbeide for å etablere turløype / rulleskiløype rundt Nordvatnet på Tau.
8. vil utvikle Tau Fort og Taumarka som eit attraktivt tur- og friluftslivsområde.
9. vil i samarbeid med ungdom utvikle attraktive ungdomstilbod med spesielt fokus på attraktive tilbod til uorganisert ungdom, og t.d. støtte opp om ungdomsrådet sitt initiativ om skate-/aktivitetspark på Jørpeland og på Tau.
10. vil bidra til eit godt samarbeid med velforeningar og idrettslag om drift og vedlikehald av anlegg.
11. vil arbeide for at kyrkjene og kyrkjegardane blir holdt i god og verdig stand.
12. vil støtte opp om det frivillige tilbodet for bebuarane på Tautunet og Jonsokberget.
13. vil vidareutvikle Frivillig sentralen som viktig bindeledd og døråpnar i det frivillige arbeidet.
14. vil legge til rette for førebyggjande helsearbeid og større fysisk aktivitet blant innbyggerane gjennom:
 - a. Vidareutvikling og merking av turløyper.
 - b. Videreføring av tilbudet som Frisklivscentralen gir
 - c. Rydding langs utsiktsvegen på Leite for å gjenopprette utsikten
 - d. Tilrettelegging av badeplasser
 - e. Etablering av lufteområder for hundar
15. vil at alle som ønskjer det skal få plass i kulturskulen og vil arbeide for at aktivitetane på kulturskulen skal bli rimelegare.
16. vil vidareføre samarbeidet gjennom Ryfylke Kunstlag med å visa frem profesjonell kunst i regionen.
17. vil tilrettelegga for turveier, båtplasser, badeplasser og merking av stier slik at allmennheten i enda større grad kan få glede av naturkvalitetane i kommunen.
18. vil arbeide for auka tilgjengelighet for alle, uansett forutsetningar.
19. vil arbeide for å betra vilkåra for musikkorpsa i kommunen som t.d. øvingslokaler, lagringsplass og rekrutteringa til musikkorpsa.
20. vil ha auka fokus på vedlikehald av turstiane i kommunen i samarbeid med lag og organisasjonar.
21. vil bevare Skyljavik og Tøggjevågen som friluftsområder.

Førebygging og trygghet der du bur

Strand Senterparti:

1. vil ha fokus på å utvikle gode og trygge lokalmiljø i heile kommunen.
2. vil arbeide for å oppretthalda lensmannskontoret på Jørpeland.
3. vil arbeide for å motverke barnefattigdom og prioritere tiltak i vedtatt handlingsplan mot barnefattigdom.
4. vil at Strand kommune i større grad skal tilby NAV-brukarar utplassering og arbeidstrening i kommunale verksemder.
5. vil styrke det kommunale tilbodet «Arbeid, kvalifisering, organisering, rehabilitering og aktivitet (AKORA)» med meir ressursar slik at arbeidstreninga blir meir effektiv.
6. Senterpartiet vil arbeide for å utvide talet på plasser for varig tilrettelagt arbeid på Avanti, og i samarbeid med bedrifter gi personar med utviklingshemming mulighet til å få fast arbeid.